

## Vedtatte uttalelser fra representantskapsmøtet 24. september 2020

### Innhold

1.	<b>Krav om overføring av statlege oppgåver i Vestland fylke .....</b>	2
2.	<b>Kampen mot voldtekts.....</b>	2
3.	Helse, skule og butilhøve i flyktningeleirar .....	3
4.	<b>En ny nærpoltireform .....</b>	3
5.	<b>Samferdsel .....</b>	3
6.	<b>Skatt og næring .....</b>	6
7.	<b>Energi.....</b>	7
8.	<b>Opplæring .....</b>	8
9.	<b>Miljøuttale: Samla innsats for klima og natur .....</b>	9
10.	<b>Vindkraft .....</b>	12
11.	<b>Helse .....</b>	13
12.	<b>Tannhelse .....</b>	15
13.	<b>Internasjonalt samarbeid .....</b>	16
14.	<b>En forutsigbar og human asyl- og flyktningpolitikk.....</b>	17
15.	<b>Arbeidsliv .....</b>	18
16.	<b>Rusreform .....</b>	19
17.	<b>Kultur og frivillighet .....</b>	20

## **1. Krav om overføring av statlege oppgåver i Vestland fylke**

Som stort parti i eit av dei største fylka her i landet er det viktig at ein stiller tydelege krav i samsvar med intensjonen ved regionsreforma, ei desentralisering av makt frå hovudstaden.

Luster Arbeidarparti har følgjande forslag til Vestland arbeidarparti sitt årsmøte:

- Vestland Arbeidarparti krev i samsvar med intensjonen bak regionsreforma, at fleire statlege oppgåver vert overført til fylket.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

## **2. Kampen mot voldtektsbestemmelse**

Kjønnsbasert vold, inkludert voldtektsbestemmelse og annen seksuell vold, er et alvorlig angrep på enkeltmennesket sine rettigheter og grunnleggende frihet. Den norske straffelova stiller fremdeles krav om at vold, trusler og bevisstløshet må dokumenteres før et overgrep kan etterforsktes og påtales som voldtektsbestemmelse. Det er med andre ord ikke nok at man ikke ville. Norge har gjentatte ganger fått kritikk av FN for dette. Internasjonal rett er helt klar: seksuell omgang uten samtykke er voldtektsbestemmelse. Det er i dag åtte europeiske land – Irland, Storbritannia, Belgia, Kypros, Tyskland, Island, Luxembourg og Sverige – som har en samtykkebasert voldtektslovgivning. I Danmark har opposisjonen fremmet et forslag til en samtykkebasert voldtektsbestemmelse, og den danske regjeringen har lovet et eget lovforslag i begynnelsen av 2020. Også i Finland jobbes det med en endring i voldtektsbestemmelsen.

Vi som samfunn må i større grad verne om mennesker som opplever overgrep. Dette krever at vi som samfunn prioriterer forebygging i klasserommet, prioritering av midler hos politiet, kapasitet på mottak og ikke minst: en omdefinering av begrepet voldtektsbestemmelse til å gjelde all seksuell omgang uten samtykke.

Vestland Arbeiderparti vil at:

- At norsk voldtektslovgivning endres slik at voldtektsbestemmelse defineres som ufrivillig seksuell omgang, også kalt samtykkelov.
- At kampen mot voldtektsbestemmelse må gis en tydelig og langsiktig politisk prioritering.
- Regjeringen må sørge for at det settes av tilstrekkelige ressurser slik at politifolk og justissectoren har nødvendig kapasitet og kompetanse til å kunne sikre effektiv strafferettlig forfølgelse av voldtektsbestemmelse som holder en høy kvalitet.
- En generell endring av holdninger hvor alle er tydelig på hva en voldtektsbestemmelse er, og som utfordrer etablerte voldtektsmyter. En klargjøring av at sex uten samtykke er voldtektsbestemmelse plasserer skyld og skam hos overgriper, og bidrar til å svekke voldtektsmyter.
- Øke bemanningen på volds – overgrepssmottak samt øke kunnskapen blant de ansatte.
- Ansette flere psykologer og jurister på mottakssentrene.
- Øke informasjon om volds- og overgrepssmottaket, slik at de som har vært utsatt for voldtektsbestemmelse får den bistanden de har rett på.
- Ha et tett samarbeid med skole, elev, foresatte og skolehelsetjeneste vedrørende seksualitetsundervisning- og kursing.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

### **3. Helse, skule og butilhøve i flyktningeleirar**

Forslag:

Arbeiderpartiet må vera med å ta ansvar for menneske som bur i flyktningeleirar. Arbeidarpartiet skal jobbe for at born som bur i flyktningeleirar skal få mogelegheit til skulegang, tilgang på medisin og helsetilbod og betre butilhøve

Grunngjeving:

Det bur mange flyktningar under umenneskelege kår i flyktningeleirar i m.a. Hellas. Born får tilbod om minimal undervisning. Skuleundervisning er ofte basert på «første mann til mølla»-prinsippet. Dei fleste borna deltek ikkje i undervisning, anten fordi det er langt å reise, ikkje er plass, eller fordi livssituasjonen ikkje tillet det.

Helsetilbodet til flyktningar som er i Hellas er svært dårlig. Det same gjeld tilgangen til medisinar.

Det er stort sett organisasjonar som Leger utan grenser og UNICEF som tilbyr helsetilbod.

Kapasiteten til desse organisasjonane er sprengt og dei fleste flyktningane går sjuke lenge før dei får hjelp. Mangelen på medisinar og nødvendig medisinsk utstyr gjer det vanskeleg for organisasjonane å ivareta og behandla dei som treng hjelp.

I mange leirar bur ein del flyktningar i konteinrar eller såkalla Isoboksar. Dei er ca. 15-18 kvm. og husar to til tre familiar. I leirane som har eigne soner for einslege mindreårige bur det opp til 20 born i kvar konteinrar. Dei einslege mindreårige som ikkje får tilbod, må bu i telt. Mange har ikkje pengar til å kjøpe telt, og sov difor under presenning og plastikk.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

### **4. En ny nærpoltireform**

Forslag:

Arbeiderpartiet vil ha en gjennomgang av nærpoltireformen, og innføre en politireform som ivaretar hensikten med den opprinnelige reformen; at politiet skal bli bedre på å skape trygghet der folk bor og ferdes i det daglige.

Begrunnelse:

Regjeringens politireform har blitt det motsatte av en reform med et mer synlig politi og kriminalitetsforebyggende arbeid i nærmiljøene. Bergen sør har mistet tre av fem stillinger til forebyggende politiarbeid etter innføringen av 'nærpoliti'-reformen. Arbeiderpartiet i Bergen ønsker etablering av nærpoltikontorer i utsatte bydeler med polititjenestepersoner som opparbeider kunnskap, nærhet og tillit i nærmiljøene. Den sentralisering som er innebygget i regjeringens endringer av kriminalitetslovgivningen må reverseres.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

### **5. Samferdsel**

Vestland fylke er eit fylke som har store avstandar og mange stader krevjande topografi for

samferdsel. Me har vegar, ferjer, kortbanenett og jernbane som skal frakte oss trygt frå der me er til der me skal.

#### **Rassikring, samt liv og helse på veg og bane:**

Vestland Arbeidarparti set kriteriet «liv og helse» fyrst når me skal prioritera prosjekt i fylket vårt.

Me har milevis med rasfarlege vegar, det er kommunale vegar, fylkesvegar, riksvegar og europavegar.

For at det skal vera trygt å ferdast i Vestland fylke må det politiske prioriteringar til og eit kraftig økonomisk løft. Etterslepet på rassikring i Noreg er på rundt 70 mrd. og av desse er heile 35 mrd. rassikring i Vestland fylke. NTP må ta høgde for å ta inn midlar til rassikring.

I tillegg til rassikring er ein generell oppgradering av Fylkesvegane naudsynt, det er også ein del av etterslepet på fylkesvegane.

Vegprosjekt på fylkesvegar som er naudsynte heilt eller delvis av di vegen tener som omkjøringsveg for hovudfartsårer på riksvegar og europavegar må heilt eller delvis finansierast med øyremerka midlar over statsbudsjettet.

#### **Klima:**

Klimautfordingane er her, og det og må gjenspeila det me vil prioritera av samferdsels prosjekt.

#### **Kollektivt:**

Vestland Ap ynskjer at kollektiv satsing i fylket held fram med bybana i Bergen og elles i fylket må trykket haldast oppe for å få til grøn mobilitet gjennom gode kollektiv tilbod.

Som eit nytt fylke er det særskilt viktig å sikre at kollektivtilboden i Vestland er tilstrekkeleg. Dette er spesielt viktig for ungdommen som skal ha moglegheit til å reise rundt i fylket på ein meir miljøvennlig måte. Vestland Ap vil difor at kollektivtransporten i Vestland skal bli betre og billigare. Både Sogn og Fjordane og Hordaland har tidlegare hatt ordningar med ungdomskort, og det er viktig at det tilboden ikkje vert svekke etter samanslåinga. Ungdom i Vestland burde framleis ha moglegheit til å reise rundt i heile fylket, uten at det skal koste skjorta.

Vestland Arbeiderparti vil:

- At ungdomskortet for buss gjeld over heile fylket.
- At lærlingar òg skal få studentrabatt på buss
- At aldersgrensa for ungdomskort gjelder for de som er mellom 16 – 23 år
- Ungdomskortet i Vestland skal ikkje bli dyrare
- Kollektivtransporttilboden i Vestland skal styrkast

#### **Jernbane:**

Bergensbanen har ei sentral rolle i å frakta personar og gods mellom Noreg sine to største byar. For trafikk tryggleik og klima må ein arbeida for å få meir gods frå veg til bane. I dag går om lag 70% av godset mellom dei to byane på bane. Med Ringeriksbanen og K5 nærmar me oss 4 timer på togturen frå Bergen til Oslo og toget konkurrerer då med persontrafikken med fly på same distanse. Vestland Arbeidarparti ynskjer ei auka satsing på Bergensbanen som ein viktig del av det grøne skiftet.

#### **Ferjer og hurtigbåtar:**

Ferjene er ei av livlinene for svært mange lokalsamfunn langs kysten av Norge. Arbeidarpartiet har vore ein av pådrivarane for å skaffe ferjefrie samband for mange av våre lokalsamfunn. Det er likevel ikkje mogeleg å sjå for seg at kysten skal verta ferjefri i overskodeleg framtid. Det betyr at

Arbeidarpartiet må gå i front for å sørge for miljøvennlege løysingar, ferjer og hurtigbåtar som går når det bruk for dei og ein pris for brukarane som vert opplevd som rettvis. Slik ferje- og hurtigbåt drifta er innretta i dag så tek staten ein alt for liten del av kostnadane med drifta. Dette gjer at næringsliv og private opplever tilbodet som alt for dårleg og ikkje minst dyrt. Staten må finansiere ein større del av ferjedrifta. Auka løyvingar må gå til å auke talet på avgangar i trafikksvake område og i tillegg redusere prisen for brukarane slik at billettpolisane ikkje er til hinder for ei vidare utvikling av lokalsamfunna.

Vestland Ap ber om at regjeringa ser på at ferjene er ein del av vegnettet som er naudsynt og derfor ikkje skal betalast for/ finne gode løysingar på ferjeavløysingsmidlar.

Vestland Ap vil arbeide for at ferje tilbodet er godt nok. I enkelte kommunar i Vestland er båttilbodet heilt avgjerande for at dei nye kommunegrensene skal fungera.

I øykommunane skal me ha eit trygt og stabilt ferjesamband. Det skal vere sikre og permanente reservaløysingar som er like gode alternativ når hovudferja er innstilt av tekniske årsakar.

Beredskapen i øykommunane skal vere oppretthalden.

Elektriske ferjer er rette vegen å gå og staten må stø opp om økonomisk utskifting til nye elektriske ferjer.

#### **Fly:**

Flyplassane i fylket er eit viktig lim internt i fylket og viktig for å nå destinasjonar i inn-og utland.

Vestland Ap er opptekne av å halde på den strukturen vi har i dag og vil legge press på Avinor for å utvikle flyplassane til å vere effektive kommunikasjonsårer og legge til rette for elektrifisering av flyflåten.

Vestland Ap er skeptisk til at fylka får ansvaret for flyrutekjøp. Frykta er at staten ikkje fullfinansierer kostnaden. Om fylka likevel får dette ansvaret må vi sørge for at flyrutene blir på minst det nivået dei er i dag og at vi får ei rettvis finansiering.

Med bakgrunn i dei utfordringane som kommersiell luftfart har fått i samband med pandemien så er det avgjerande at Staten handsamar kommersielle flyplassar på same måte som flyplassane med statlege flykjøp. Det må vurderast om dei kommersielle flyplassane skal komme inn under ordninga med statlege rutekjøp

#### **Næringslivet:**

Samferdsel er også svært viktig for næringslivet i fylket vårt. Varene må koma fram når dei skal, det må vera føreseieleg å koma seg til og frå arbeid når ein pendlar.

Vestland må knytast saman mot aust, sørover og nordover gjennom gode transportkorridorar både for veg og bane. Rv 5, Rv 13 og Rv 15 er viktige prosjekt for både tryggleik og næringsliv i regionen vår. E16, E39, E134, Rv 5, Rv 13 og Rv 15 og Bergensbanen er dei sentrale transportkorridorane for å få til god bu- og arbeidsregionar samt legge til rette for vekst i næringslivet i Vestland.

For å oppnå dette må ein ha fortgang i utbygginga av fellesprosjektet for veg og bane Arna – Voss, for å på plass ein trygg E16 og ei moderne Vossabane. Arbeidet for ein opprusta og ferjefri E39 gjennom fylket med gode kopplingar til andre område i fylket kan heller ikkje stansa opp. Når strekninga Seljestad- Røldal på E134 no startar opp så må den vidare planlegginga og framdrifta på denne vegen halde fram

#### **Hamn:**

God hamner er viktig for å nå mål om meir gods frå veg til sjø. Med ein varsla ambisjon på ei femdobling innan oppdrettsnæringa må veksten knytt til transport kome sjøvegen. Dette må bety at

prosjekt som fremjar slik transport må kvalifisere til støtte. Dette vil minke belastninga på vegar og kutte i utslepp av klimagassar og vegstøv.

Vestland Arbeiderparti skal arbeida for raskast mogleg realisering av Kalvåg fiskerihamn slik at me også i framtida kan behalda eit levande og framtidsretta fiskeri der verdiskaping og rekruttering står i fokus.

#### **Stad Skipstunnel:**

Stad skipstunnel ligg i NTP sin første del og må få startløyving i 2020. Tunnelen er eit nasjonalt prosjekt for trygge kystleia og effektivisere båtreisa langs kysten. Kystverket har kutta kostnadane i prosjektet og er klare til å byrje arbeidet i år. Vestland Ap vil vere pådrivar for å realisere prosjektet.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet, fylkestinsgruppen og Stortingsgruppen*

## **6. Skatt og næring**

Velferdsstaten Norge er bygd på ideen om at alle skal kunne jobbe og bidra i eit samfunn der alle skal kunne nyte godt av fellesgodene. Vi omfordeler vår rikdom, og gjennom trepartssamarbeidet legg vi rammene for ein rettvise inntekts- og fordelingspolitikk, men også næringslivet si konkurransekraft. Denne balansen gir oss solide bedrifter, føreseielege rammer og høg grad av sosial likskap.

Høg sosial mobilitet og små forskjellar gir tillit til både byråkrati og politikk. Men dette er under press. Ein politikk som gir større forskjellar og ei dreiling frå skatt til avgifter truar dette. Vestland Ap meiner vi skal ha ei rettvise fordeling, og at skattpolitikken er viktig for å nå det målet. Skatt på arv er meir rettvist enn skatt på arbeid.

### **Skatt på næring**

Vestland Arbeidarparti meiner naturressursar er felleskapet sine verdiar. Det betyr at vi legge naturressurskatt på næring slik vi har til dømes innan vasskraft og olje. Havbruksnæringa sel varer til utlandet for over 100 milliardar og representerer eit enormt industripotensiale, arbeidsplassar og inntekter, men også miljø- og arealutfordringar. Skal næringa få til den veksten ein ynskjer må den vere berekraftig. Det må også bety at oppdrettarane har kapital til å investere i ny teknologi. Samtidig må den også legge att pengar i kommunane som skal legge til rette for næringa.

Vestland Ap er positiv til at oppdrettsnæringa må bidra meir til felleskapet. Innføring av overskuddsbasert grunnrenteskatt er ein rettvise måte å å krevje inn ein naturressursskatt på.

Ap meiner at også vindkraft på land skal skattleggast utover eigedomsskatt. Det er viktig at næringa får krav om naturressursskatt der ein også sikrar dei kommunane som har opna opp sine areal for kraftproduksjon.

Ap vil hegna om konsesjonskraft- og konsesjonsavgiftsregimet. Dette sikrar lokale inntekter frå produksjonen og er soleis ein del av samfunnskontrakten. Samstundes ser vi at dagens skattlegging er eit hinder for å investere i ny og moderne teknologi.

Innan fiske er det i dag evigvarande konsesjonar. Arbeidarpartiet meiner at det bør innførast tidsavgrensing på konsesjonane og ei avgift for bruk av fellesskapet sine ressursar.

Vestland Ap ynskjer grøne skattar. Vestland AP vil at det skal verte mogeleg for norske kommunar å krevje kommunal turistskatt på overnattingar og cruise-trafikk. Skatteinntektene skal nyttast til tiltak for å redusere den lokale og globale miljøverknaden av turismen.

## Fiskeri

Fisken i havet og andre viltlevande marine ressursar tilhøyrer fellesskapet. Vestland AP meiner at vi må auke verdiskapinga ved å arbeide for meir vidareforedling av fisk i Norge, og seie nei til evigvarande fiskekvotar.

## Landbruk

Vestland Ap meiner norsk matproduksjon er ei viktig næring og god distriktpolitikk. For å styrke næringa må vi sikre gode rammevilkår og investeringsstøtte for å få fleire til å satse på jordbruket.

## Industri

Norge er eit land rikt på naturressursar, og industrien skaper store verdiar og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Naturressursane skal vi hauste av på ein berekraftig måte, og vi skal hjelpe næringslivet fram gjennom offentlege støtteordningar for å bli verdsleiane på miljøteknologi. ENOVA og vidareføring av CO2-kompensasjonsordninga er viktige bidrag. Satsinga vil gje eit løft for norsk industri og bidra til at Noreg og verda kan nå måla i Paris-avtalen. Karbonfangst og lagring er avgjerande for å lukkast og kan representere tusenvis av arbeidsplassar i framtida.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

## 7. Energi

Noreg har naturgevne føresetnader for å lage industri av rein norsk energi. Vestland Ap meiner dette er eit konkurransefortrinn vi må utnytte. Rein og billig kraft bør i så stor grad nyttast til å skape arbeidsplassar i Norge. Difor vil vi vente med nye utanlandskablar før vi har kunnskap nok om konsekvensane av dei vi har. Det er også eit krav at regjeringa straks set i gong med å utjamne nettleiga. NVE sitt framlegg om ei tilskotsordning for utjamning av nettleiga, er ein modell som vil utlikne forskjellar mellom landsdelar.

Noreg skal og vere opne for nye energiformer energi som er klimavenleg. Norsk gass kan omdannast til hydrogen dersom vi får til Co2-fangst. Hydrogengass kan bli ei viktig eksportnæringer dersom Norge er tidleg ute med å produsere gassen utan Co2-utslepp. Thorium kan bli ein del av energimiksen i framtida.

Vestland AP vil:

- ha ein rettvis skattpolitikk som reduserer økonomiske skilnader
- vidareføre konsesjonskraft- og konsesjonsavgiftsregimet
- vidareføre CO2-kompensasjonsordninga etter 2020
- auke andelen fisk som blir foredla i Norge gjennom auka samarbeid mellom flåteleddet og industrien
- styrke norsk matproduksjon gjennom betre støtteordningar
- utnytte dei naturgevne energiressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar
- Innføre naturressursskatt på vindkraft

*Forslag: Oversendes Landsmøtet*

## 8. Opplæring

### Vidaregåande opplæring

I Vestland har vi 45 vidaregåande skular, i underkant av 20 000 elevar og eit resultat som det er god grunn til å vere stolte av. Då er det viktig at dei vidaregåande skulane i Vestland har føreseielege rammer, og at skule- og tilbodssstrukturen er tilpassa elevgrunnlag og omland, og at det vert lagt til rette for kvalitet i opplæringa.

Vestland Arbeidarparti vil samt sikre eit desentralisert vidaregåande skuletilbod som er i tråd med næringslivet sine behov. Det er eit mål elevane skal få eit tilbod på sin nærskule, og at færrest mogeleg skal måtte flytte på hybel.

Dei vidaregåande skulane er viktige regionale utviklingsaktørar som er med å legge grunnlaget for vekst og utvikling i heile regionen. For å nå målsetjinga om livskraftige distrikt og utvikling av næringer i Vestland fylke er dei vidaregåande skulane ein av bærebjelkane. Samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv er viktig for å få tak i arbeidskraft og kompetanse både i det offentlege og dei private. Sannsynlegheita for at dei unge blir buande eller flytter tilbake aukar jo lengre dei bur heime.

Fritt skuleval gir valfridom for elevane som har høgst karaktersnitt. Nærskuleprinsippet vil styre elevane til den næreste skulen, og gje elevane rett til å gå på næreste skule.

For at ein skal kunne planlegge for ei riktig dimensjonering av skuletilboden, må ein ha føreseielege rammer. Auken i tal elevar i frittståande og private vidaregåande skular er aukande. Desse skulane tek midlar frå fellesskulen, og gjer det vanskeleg for kommunar og fylkeskommunar å dimensjonere rett i forhold til elevtal. Vestland AP ønsker å stramme inn på tal dispensasjonar til friskular/privatskular, og meiner at friskular ikkje kan etablerast utan kommunal aksept. Såkalla profilskoler og privat yrkesfagoplæring er skular som konkurrerer med fellesskolen. Vestland Arbeidarparti meiner friskulelova må skjerpast inn!

Dei minste skulane er mest sårbar for dei skjerpa krava til tal elevar som må søkje seg til dei ulike studierettingane for at klassane blir starta opp, både innan yrkesfag og studiespesialisering. Det er viktig for busettingsmønster og bulyst at bygdesenter får behalde eksisterande vidaregåande utdanningstilbod og vidareutvikle tilboden i samsvar med næringslivet sitt behov.

Vestland Arbeidarparti vil:

- vil oppretthalde ein desentralisert skulestruktur, halde på dagens struktur
- vil halde på to inntaksregionar i vestland fylkeskommune
- ser det som viktig at viktig at opplæringstilboden på dei minste skulane blir ikkje blir utarma ved å kutte klasser
- at alle elevar i Vestland som tek Vg1 i studieførebuande utdanningsprogram får rett til å fullføre Vg1 og Vg2 på same skulen
- Ha ei revidering av friskulelova som gjer at kommunane i større grad vert sett i stand til å dimensjonere og styre utdanningstilboden i regionen

### Fråværsgrensa

Den nasjonale fråværsgrensa vert oppfatta som svært rigid, og den tek ikkje i vare dei svakaste elevane. Fastlegne opplever eit rush av elevar, som risikerer å ikkje få vurdering i eit fag om dei ikkje får legeattest. Vestland Arbeiderpartiet meiner at ein må evaluere fråværsreglementet slik det no

ligg føre, og knytte dette opp mot forsking på kva som fungerer mot fråværssproblematikken i vidaregåande opplæring.

Det må innføres gyldig politisk fravær for elever i ungdomsskolen etter modell fra Videregående skoler.

## Høgare utdanning

Vestland Arbeidarparti vil at alle skal ha moglegheit til høgare utdanning uavhengig av kor i landet ein bur. Vi må sørge for gode butilhøve i både små og store lokalsamfunn, slik at vi kan bygge opp kompetanse, spennande bedrifter og ny industri. Difor treng vi fleire tilgjengelege og relevante utdanningstilbod, også i område med store avstandar.

Vi treng sterke universitetscampus med utdanning og forsking på høgt, internasjonalt nivå og rektor skal framleis vere styreleiar og sikre fagleg leiing ved universiteta. Men vi treng også gode lokale og desentraliserte studietilbod som gir moglegheit til å utdanne gode lærarar og dyktige sjukepleiarar som sikrar gode tenester til våre barn og eldre i lokalsamfunna.

Vi veit at mange vel å busette seg i den regionen dei har tatt utdanninga, og det er god distriktpolitikk å tilby ei desentralisert høgare utdanning der folk faktisk bur. Med dagens teknologiske løysingar treng ein ikkje lenger vere fysisk tilstade på campus for å delta i undervisinga, men ein kan delta gjennom nettbaserte løysningar. Dette kan vere eit viktig ledd i å styrke eit desentralisert utdanningstilbod og for å sikre rekrutteringa til viktige velferdsyrker i heile landet.

Behovet for utdanning av sjukepleiarar er aukande. KS sine tal syner at blant anna kommunane vil få eit behov for 38 000 sjukepleiarar i åra som kjem. For å møte dette må ein auka talet studieplassar. Karakterkrav i matematikk og norsk har ført til at fleire gjennomfører, men det har også ført til ein nedgang i sokartal. I 2017 starta ein ei forsøksordninga der helsefagarbeidarar fekk inntak på sjukepleiarutdanning. Evalueringa av forsøket kan gje signal om dette er ei ordning for framtida, eller om fråfallet blir for høgt.

Det er også viktig å sjå på studiestøtta til heiltidsstudentar slik at dei kan vere i stand til å studere på heiltid. Tiltak for ein betre studentøkonomi er knytte studiestøtta opp mot folketrygda sitt grunnbeløp, og heve den til 1.5 G. Vestland Arbeidarparti meiner også at ein må sjå korleis ein kan auke aldersgrensa på studentrabatt på kollektivtransport, samt yte ekstra bidrag til bygging av studentbustader.

## Fellesskulen og barnehagen

Fellesskulen må styrkast for å sikre like vilkår for alle barn og unge. Ein skule med tilbod om gratis aktivitetsskole (AKS) for dei yngste vil vere eit steg mot ein skule som legg til rette for leik og aktivitet, fysisk fostring og god oppfølging i læringsarbeidet. Med ei omlegging av SFO til aktivitetsskule vil det også vere større rom for å innføre gratis skulemat også i grunnskulen.

Barnehagane er viktig for sosial utjamning, og Vestland Arbeidarparti meiner at barnehagane i hovudsak skal vere eit offentleg ansvar. Vi er nær målet og full barnehagedekning, og rammeløyvingar til barnehagar skal ikkje vere knytt til innbyggjarane sitt utdanningsnivå.

*Forslag: Oversendes Landsmøtet, Fylkestinsgruppen, Stortinsgruppen*

## 9. Miljøuttale: Samla innsats for klima og natur

Rapportane frå FN sine vitskapspanel gir sterkt grunn til bekymring, og stiller nye krav til vår generasjon politikarar. Det trengs store og små tiltak på alle område, men løysingane må henge saman med kvarandre og ikkje minst knytast til samfunnsbygging for ei framtid folk ønsker å ta del i. Nøkkelen til å løyse dei store utfordringane i vår tid ligg i ein tydeleg sosialdemokratisk politikk som kan bygge brei oppslutning om naudsynte tiltak.

Arbeiderpartiet må frå og med 2020 legge større vekt enn hittil på ein politikk som skal bidra til å førebygge dei største klimaendringane. Partiet må definere tydelege tiltak som sterkt og snarleg reduserer utslepp av klimagassar, tap av natur og forureining/forsøpling. Ein Ap-leidd regjering må stå for ein heilskapleg miljøinnsats som samtidig sørger for næringsutvikling og sikrar omfordeling og gode fellesløysingar. Arbeiderpartiet skal vere ein tydeleg og sterk forkjempar for internasjonale avtaler som sterkt reduserer både utslepp, naturøydeleggingar og konsekvensar av klimaendringar.

### **Klimafordrivne**

For Noreg er det skissert eit klima som er både våtare og mildare i framtida. For andre deler av verda kan stader som i dag er busette, bli ubebolege. Ekstreme nedbørs- og turkeperiodar og naturkatastrofar skjer oftere, og me må allereie no sette inn tiltak i områda vi veit vil rammast hardast. Ifølge FN vil kring 150 millionar menneske vere på flukt som følgje av klimaendringane innan 2050. I snitt forlèt allereie 25,3 millionar menneske heimane sine på grunn av klimarelaterete problem – kvart år (IDMC). Dagens flyktningkonvensjon omfattar ikkje klimaflyktningar. Konsekvensen kan bli fleire millionar menneske som ikkje har nokon trygg stad dei kan opphalde seg lovleg.

Vestland Arbeiderparti meiner at:

- Noreg må arbeide aktivt for internasjonal anerkjening og vern av klimafordrivne gjennom internasjonale og regionale avtalar.
- Noreg må auke finansiering og bistand for å førebygge tap og skade og hjelpe klimafordrivne.
- Flyktningkonvensjonen skal ha ein tilleggsprotokoll som omhandlar klimaflyktningar.

### **Isgrensa**

Definisjonen av Isgrensa er viktig av to grunnar: For vern av sårbare og produktive økosystem i eit særleg verdifullt og sårbart område, og som ei nordleg grense for petroleums-aktivitet. 25. konsesjonsrunde er utsett til etter forvaltnings-planen for Barentshavet – Lofoten er ferdig behandla. Arbeiderpartiet må legge avgjerande vekt på råd frå uavhengige forskingsinstitusjonar som Norsk Polarinstitutt/Havforskningsinstituttet når forvaltningsplanen blir lagt fram for Stortinget våren 2020.

Vestland Arbeiderparti meiner at:

- Isgrensen må definerast med utgangspunkt i de faglege råda frå Norsk Polarinstitutt.
- Områda i iskantsonen må ikkje omfattast av TFO-ordninga.
- Det må være en buffersone opp til isgrensen, der det ikkje blir delt ut konsesjonar.
- Oljeleitinga i Barentshavet og andre sårbare område må stoppast.

### **Natur**

Tapet av natur og artsmangfald er ein trussel på nivå med klimaendringane, ifølge FNs naturpanel. Menneska har gjort betydelege endringar på tre fjerdedelar av jordas landoverflate. Kampen står ikkje berre i Amazonas, men også her heime. Å hindre tap av natur heng saman med klimamål, folkehelse, kultur og friluftsliv, og må vere ein viktig del av sosialdemokratisk politikk for å møte

klima- og miljøutfordringane. Fjellområde, fjordlandskap og ikkje minst «kvardagsnaturen» vi har rundt oss må forvaltas for framtida.

Det er viktig at naturforvaltningen er kunnskapsbasert og at «Føre-var-prinsippet» vektlegges. Vern av naturområder er ikke et mål i seg selv, men et viktig virkemiddel for å bevare det biologiske mangfoldet, og sikre at naturen skal være tilgjengelig for alle. Alle skal ha tilgang til å ferdes i strandsone, fjell, skog og mark. Et rikt naturmangfold har en økonomisk og samfunnsmessig verdi, som seg selv som det er vanskelig å måle. Naturen tilhører oss alle, og vi har i felleskap et ansvar for å berge både artene og naturtypene for framtidige generasjoner. Lov om forvaltning av naturens mangfold bør være styrende i dette arbeidet.

Vestland Arbeiderparti mener at:

- Norsk natur skal forvaltes av fellesskapet.
- Naturområder som er spesielt viktige for friluftsliv må bevares.
- Strandsonen må beskyttes, og holdes tilgjengelig for allmenn ferdsel.
- Det marine biologiske mangfoldet må bevares, og naturverdier på havbunnen må beskyttes.
- Plan- og bygningsloven må styrkes som overordnet lov i arealsaker.
- Klima og naturmangfold bør inn i formålsparagrafen til Plan- og bygningsloven.
- Adgangen til innsigelser og rettslig prøving i saker som gjelder naturverdier/klimautslipp må ikke svekkes.
- Mer kunnskapsbasert arealforvaltning – systematisk kartlegging og overvåking av natur.
- Vurdere krav om arealregnskap (klimaregnskap) for å belyse aggregerte effekter for naturmangfold og klima.
- Ap skal bruke vern etter Naturmangfaldlova meir aktivt for langsiktig sikring av viktige område som fyller føresetnadane i lova.
- Område med særleg verdifull vestlandsnatur og bynære rester av natur- og kulturlandskap bør vernast i større grad enn i dag.
- Det bør vurderast betre verkemiddel for langsiktig vern av natur i byområde med stort utbyggingspress.

### **Marin forsøpling**

Storparten av næringane langs kysten er avhengig av havet. Giftig avfall og marin forsøpling er alvorlege utfordringar. I tillegg til det store problemet med plast, er det også vesentleg forureining frå tauverk, garn og teiner etc. som blir liggjande på havbotnen.

Vestland Arbeiderparti vil:

- Heve og fjerne mest mogleg av kvikksølvet frå ubåten U-864 ved Fedje
- Ha avfallshandteringsanlegg i fleire små hamner og gratis levering av marint avfall frå båtar

